

Statens vegvesen

Notat

Til: Vidar Solheim, Stig Arne Bugjerde
Frå: Geo- og skredseksjonen v/Jens Tveit
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Jens Tveit - 57655949

Oppdrag:	Vurdering etter steinsprang ved Honningsvåg		Dok. nr. i Mime:	
Oppdragsgivar:	Vegseksjon Fjordane v/Vidar Solheim		Dato:	13.05.2019
Planfase:	Drift	Arkivkode:	460	Rapportnummer: 31053-GEOL-1
Kommune:	Selje	Vegnr.:	Fv633	HP: 2 Km: 1,900
UTM 32V ref.:		EUREF 89		Geoteknisk kategori:
Utarbeida av: Jens Tveit		Kontrollert av: Tore H Medgard		

Fv 633, Hp 2, Km 1,900. Honningsvåg – Geologisk vurdering etter steinsprang 30.3.19

Innleiing

Laurdag 30. mars kom det eit steinsprang i vegen ved Honningsvåg på Stadlandet. Hendinga stengde vegen i eitt døger, og det vart utført reinsk av skredområdet sundag 31.3. Vegen vart opna etter reinsk. Området har seinare vore vurdert av Jens Tveit (Geo- og skredseksjonen) og Stig Arne Bugjerde (Vegseksjon Fjordane).

Vurdering

Situasjon

Fv 633 mellom Årvika og Honningsvåg har vore ein veg med mykje nedfall og stengingar. Strekket med mest skredaktivitet, Kleiva, vart sikra med tunnel som opna i desember 2018. Tunnelen vart bygd for å sikre det farlege området med hyppige steinsprang og høg fjellskjering. Her var det store konsekvensar om steinsprang kom samtidig som ein bil. Det var ikkje mogleg å sjå steinane før dei plutselig var i vegområdet.

Strekket frå Årvika og opp mot Halsen, samt strekket frå Strandanipatunnelen og ned mot Honningsvåg er av ein annan karakter. Her er aktiviteten betydeleg mindre, og terrenget er slakt skrånande mot vegen stort sett utan fjellskjering. Det gjer at skred og steinnedfall følgjer terrenget betre, og det er mogleg å observere dei frå avstand. Spretthøgda vil vere betydeleg lågare. Figur 1 viser ortofoto over området medan figur 2 viser oversikt over Strandabakken.

Det er registrert totalt fire skred på strekket frå Strandanipatunnelen til Honningsvåg, sjå utklipp frå skrednett i figur 1. Strandabakken er ikkje registrert som eit eige skredpunkt i NVDB. Det betyr at det ikkje ligg inne i oversikta over skredsikringsbehov, og ikkje er definert som eit særleg problemområdet med tanke på skred.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Skred 30.3.2019

Laurdag 30. mars losna eit blokkparti om lag 250 høgdemeter over vegen, sjå figur 3. Det meste av skredmassane stoppa i terrenget før vegen. Nokre steinblokkar nådde vegen og førte til skade i vegbana. Det er tydeleg av blokkane har rulla langs bakken og ikkje hatt stor spretthøgde.

Ved synfaring etter hending laurdag 30. mars var det fortsatt aktivitet i skredområdet sjølv fleire timar etter den fyrste hendinga. Det vart difor vurdert at vegen måtte haldast stengd til situasjonen roa seg. I og med at aktiviteten i skredområdet haldt på i fleire timar vart det bestilt eit klatrelag til dagen etterpå. Då kunne ein reinske sleppområdet og ha kontroll på eventuelle ustabile blokkar i skredområdet før vegen vart opna.

Klatrelag frå Mesta fjellsikring vart sendt opp til losneområdet for å reinske ned ustabile massar. Det vart observert fleire større blokkar i heile fjellsida, noko som kan føre til nye hendingar. Ved reinsk i losneområde kom det ikkje nye skredmassar ned i vegen. Dette bekreftar at hendinga må vere over ein viss størrelse før skredmassar når vegen.

Vurdering av området

Mesta tilrådde ikkje å begynne med storstilt reinsk i fjellsida på grunn av stort omfang. Dette vil og vere særskilt krevjande, samt føre til mykje øydelegging av vegetasjon lenger nede i terrenget. I dag er dei sandige lausmassane stort sett dekt med vegetasjon. Dette gjer at massane ligg rimeleg stabilt. Ved storstilt reinsk og mange ferske sår i vegetasjonen vil det kunne føre til auka erosjon i lia. Dette er negativt både for landskapet og skredsituasjonen ved vegen.


Heile området har vore synfara ved hjelp av drone, sjå figur 2 for oversikt. Det er mange potensielle losneområde, men det meste av skredmassane verkar å stoppe i terrenget før vegen. Erfaring frå reinskearbeidet på staden var også at steinblokkar i stor grad stoppa før dei nådde vegen.

For sikring av skredpunktet tilrådde Mesta fjellsikring eit fanggjerd. Skal det monterast fanggjerd på staden bør det vere minst 350 meter for å sikre eit lenger strekke med liknande oppsprekking. Fanggjerdet kan monterast i nærleiken av vegen der det er lett å kome til for montering og vedlikehald. I dette området har eventuelle skredmassar mista mykje energi. Det er ikkje gjort berekningar av styrke og høgde i denne omgangen, men ut frå inntrykk av størrelsar, utløpsdistansar og skreddynamikk er det vurdert at eit gjerde med kapasitet på 1000 kJ bør vere tilstrekkeleg.


Tilråding

Sjølv om det har vore nokre hendingar på dette punktet er det ikkje registrert som eit skredpunkt i oversikta over skredsikringsbehov. Dette er eit oversiktleg skredområde der det i stor grad er råd å observere skred før dei når vegen. Steinblokkar kjem rullande ned skråninga, og ikkje hoppande ut over ei vegskjering som det var på Kleiva. Risikoen for å bli treft av eit skred på denne typen skredpunkt er difor låg.

Det er i utgangspunktet tilrådd å bruke ressursane etter prioriteringane over skredsikringsbehov. I denne lista er det mange punkt som ligg høgt prioritert, og bør få skredsikring før skredpunkt av denne typen. Det er likevel tilrådd å legge inn Strandabakken i oversikta over skredsikringsbehov for å få objektiv prioritering av punktet.



Figur 1 - Registrerte skred frå tidlegare, losneområde og treffpunkt veg frå hending 30.3.19



Figur 2 - Oversikt over Strandabakken. Figur satt i hop av to bilete



Figur 3 - Losneområdet fra hendinga 30.3.19 etter reinsk